



BRETT OG TEIP SAMAN, HUGS FRIMERKE OG AT DET HASTAR!!

Supplikk til fylkesordføraren


### Kjære fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg

Kan de vera så vennlege å ikkje legga ned bokbåten vår. Vi høyrer de synes det vert for kostbart å halda han i drift, at han kostar for mykje, heile 430 000 kroner. Veit de kor mange bokbåten gler på sin veg? Kor mange som les desse bøkene han kjem med? Kor mange som ikkje får lånt seg ei bok om han no forsvinn? Kor mange ungar som vert lei seg?

Bokbåten lasta med kultur, når dit det ikkje går buss, ikkje fly, og der det ikkje fins bru. Veit de eigentleg kva det betyr for desse plassane? Kva vil de gje dei som utan bokbåten berre har TV-en som kulturtilbod? Alle - både ungar, eldre og vaksne gler vi oss til bokbåten kjem. Han er ein kjær ven som de no vil ta frå oss.

Ver no så gilde og tenk dykk om ein gong til.

Vennleg helsing



# HASTAR!

Fylkesordføraren  
i Hordaland  
Torill Selsvold Nyborg

Fylkestinget  
Fylkeskommunen i  
Hordaland  
PB 7900  
5020 Bergen